

Kommuniké frå Den internasjonale monetære og finansielle komiteen i guvernørrådet i Det internasjonale valutafondet

1. Den internasjonale monetære og finansielle komiteen heldt sitt tiande møte i Washington D.C. den 2. oktober 2004 under leing av den britiske finansministeren Gordon Brown. Komiteen helsar Rodrigo de Rato velkommen som ny administrerande direktør, og ser fram til å samarbeide nært med han om å fremje målsetjingane om global stabilitet og framgang.

Økonomien og finansmarknadene globalt – utsikter, risikomoment og strategiske mottiltak

2. Komiteen ser positivt på at den globale veksten i 2004 har auka i styrke og breidd, takka vere eit sterkt oppsving i verdshandelen, effektive støttetiltak og gunstige tilhøve i finansmarknadene. Den globale ekspansjonen vil truleg halde fram i friskt tempo dersom alle land gjennomfører politikk og reformer som er eigna til å fremje ein robust, balansert og berekraftig vekst. Komiteen merkjer seg at nedsiderisikoane har auka i det siste, mellom anna som følgje av aukande og ustabile oljeprisar. Dette skuldast geopolitiske spenningar, sterk global etterspørsel og dynamikken i marknaden. IMF står parat til å hjelpe medlemsland som blir skadelidande.

3. Komiteen påpeikar igjen at det er ønskjeleg å oppnå stabilitet i oljemarknadene og prisar som er i pakt med varig framgang på globalt plan. Med tanke på dette ser komiteen positivt på at dei oljeproduserande landa har gjort vedtak om å auke produksjonen ytterlegare, og oppmodar dei oljebrukande landa til å setje i verk tiltak for å fremje berekraftig og effektiv energibruk. Komiteen strekar òg under at dialog mellom forbrukarar og produsentar er viktig, og at informasjon og kunnskap om oljemarknadene må gjerast lettare tilgjengeleg.

4. Styrken i det globale oppsvinget har bana veg for ei gradvis tilbakevending til ein meir nøytral pengepolitikk, sjølv om landa er inne i ulike konjunkturfasar og den ønskje innstramminga dermed kjem til ulik tid og i varierende tempo. Det vil framleis vere avgjerande å kommunisere formålet med politikken klart og tydeleg, slik at dei finansmarknadene som treng det, kan tilpasse seg eit høgre rentenivå på ein kontrollert måte. Inflasjonen er framleis låg og prisstabiliteten er berre utsett for moderat risiko. Styrande instansar bør likevel stå klar til å demme opp for eit eventuelt inflasjonspress som følgje av høgre råvareprisar eller andre faktorar, slik at veksten ikkje verkar inflasjonsdrivande.

5. Alle land bør nytte høvet som oppsvinget medfører til å ta fatt på mellomlangsigte problemområde og utfordringar med fornya engasjement. Komiteen meiner at djerpe reformer må gjennomførast på brei front for å styrkje den finanspolitiske stillinga, fjerne strukturelle hinder for vekst, rette opp global ubalanse, gjere finanssektoren og bedriftene mindre sårbare og auke tempoet i fattigdomsreduksjonen.

6. Finanspolitisk konsolidering må framleis ha høg prioritet i mange land. I dei avanserte økonomiane må truverdige finanspolitiske rammer på mellomlang sikt vere baserte på veldefinerte strategiar og kunne sikre betre konsolidering, særleg i gode tider. Reformar i pensjonssystem og helsevesen vil òg vere avgjerande for å redusere presset på finanspolitikken etter kvart som befolkninga vert eldre. Sjølv om mange land i framveksande marknader kan vise

til god framgang når det gjeld å betre strukturen på gjelda i offentleg sektor og styrkje den finanspolitiske stillinga, trengst det vidare innsats for å få statsgjelda ned på eit nivå som gjev tilstrekkeleg motstandskraft mot sjokk. Eit breitt skattegrunnlag, effektiv og gjennomsiiktig forvaltning av offentlege utgifter og strukturelle tiltak for å styrkje veksten vil vere viktig for å oppnå ein meir forsvarleg gjeldsstruktur og kunne dekkje prioriterte utgifter til infrastruktur og sosiale formål.

7. Strukturreformer er framleis avgjerande for å styrkje grunnlaget for varig vekst. Dei fleste avanserte økonomiar bør trappe opp innsatsen for å oppnå større økonomisk effektivitet og fleksibilitet slik at dei kan dra full nytte av teknologiske endringar og global integrasjon. Forsterka berekraftig vekst og auka økonomisk motstandskraft i alle land i framveksande marknader vil, alt etter omstenda, vere avhengig av: fullføring av reformer i finans- og bedriftssektoren, styrking av banktilsynet og utvikling av innanlandske kapitalmarknader, betring av investeringsklimaet og arbeid for å fremje næringsmangfald. Komiteen påpeikar at det er viktig å ta omsyn til dei økonomiske følgjene av demografiske endringar. Alt etter tilstandane i eit land vil politikken måtte fokusere på auka tilgang på arbeidskraft, større offentleg og privat sparing og betre produktivitet.

8. Strategiar med sikte på å rette opp global ubalanse er eit felles ansvar og ein nøkkel til å styrkje grunnlaget for meir balansert og berekraftig vekst. Komiteen understrekar behovet for mellomlangsigtig finanspolitisk konsolidering i USA, vedvarande strukturreformer for å styrkje veksten i Europa og Japan og – i dei framveksande landa i Asia – steg i retning av større valutakursfleksibilitet med støtte i vidare reformer i finanssektoren der dette trengst. Betra informasjon og innsyn i marknadene, mellom anna når det gjeld rolla til ulike sikringsfond ("hedge funds"), ville òg vere med på å styrkje marknadsovervakinga. Komiteen ser positivt på at Argentina har styrkt si finanspolitiske stilling sidan 2002. Komiteen går inn for at Argentina resolutt tek fatt på alle uavklara strukturelle spørsmål i sitt program, gjennomfører ei fullstendig og berekraftig restrukturering av statsgjelda og sikrar berekraftige finanspolitiske rammer på mellomlang sikt. Vi ønskjer innsatsen Argentina gjer for å gjennomføre ei fullstendig og berekraftig restrukturering av gjelda velkommen og håpar på ei snarleg fullføring av prosessen.

9. Komiteen legg vekt på at IMF-overvakinga i dei kommande månadene bør fokusere på nokre nøkkelspørsmål, mellom anna desse: korleis høgre oljeprisar vil slå ut – særleg på dei mest utsette landa, i kva grad den mellomlangsigtige finanspolitiske stillinga og gjeldsstrukturen i somme medlemsland er forsvarleg og korleis mottiltak mot potensielt inflasjonspress kan handterast.

10. Komiteen ber alle partnerar styrkje sitt engasjement i den globale innsatsen for å redusere fattigdommen. Den sterke veksten i dei fleste låginntektsland den seinare tida er gledeleg, men komiteen er uroa over at veksten i mange tilfelle, særleg i Afrika sør for Sahara, ikkje er tilstrekkeleg til å nå tusenårsmåla (MDG)¹. Den viktigaste oppgåva for desse landa – slik det nye Partnerskap for afrikansk utvikling erkjenner – er å halde fram med innsatsen for å styrkje institusjonane og styresettet og å bygge vidare på den makroøkonomiske stabiliteten som alt er oppnådd. Verdssamfunnet må støtte denne innsatsen gjennom friare marknadstilgang for

¹ Som stats- og regjeringssjefane slutta seg til i generalforsamlinga i FN 8. september 2000.

eksportvarer frå desse landa, auka og meir samordna bistand og teknisk assistanse, ytterlegare gjeldslette og god strategisk rådgjeving.

11. Eit ope og inkluderande multilateralt handelssystem er avgjerande for vekst og økonomisk utvikling på globalt plan, særleg for utviklingslanda. Doha-runda byr på eit eineståande høve til å nærme seg dette målet, og komiteen er oppmuntra av vedtaka som nyleg er gjorde om forhandlingsrammene. Vi støttar opp om ”julipakken”, og ber alle partar innstendig om å arbeide for konkrete framsteg i arbeidet med å liberalisere handelen, styrkje multilaterale handelsreglar og redusere handelsvridande subsidiar, særleg i landbruket. For å lukkast med ei slik ambisiøs handelsliberalisering trengst det fullt engasjement frå alle partar, særleg sterk leiarskap frå dei store handelsnasjonane, og vilje frå alle land til å slutte opp om ein meir open handel. Komiteen går inn for at IMF framleis skal arbeide for handelsliberalisering og assistere medlemmene, mellom anna gjennom handelsintegrasjonsmekanismen.

Effektivisert overvaking og sterkare kriseførebygging

12. Effektiv og upartisk IMF-overvaking av alle medlemsland er sentralt for å fremje høg og berekraftig vekst i medlemslanda og for å førebyggje kriser. Etter kvart som medlemslanda blir meir avhengige av kvarandre, blir effektiv overvaking av systemisk viktige land og kapitalmarknader viktigare. Komiteen ser positivt på framgangen i arbeidet med å styrkje overvakingssystemet, og på tiltaka som vart vedtekne under den siste toårgjennomgangen for å gjere systemet sett under eitt meir effektivt. No må det fokuserast på gjennomføringa. Komiteen oppmodar IMF om å arbeide vidare med å styrkje det økonomiske analyseapparatet og den strategiske rådgjevinga, evaluere kvaliteten på rådgjevinga systematisk, kombinere multilateral og bilateral overvaking med fokus på regionale spørsmål, betre kvaliteten på den strategiske dialogen med medlemslanda (mellom anna gjennom auka bruk av landoverskridande analyse der det er relevant), kommunisere dei strategiske budskapane frå IMF til marknader og publikum på ein betre måte utan å ofre rolla som fritalande og konfidensiell rådgjevar, og å utvikle ein metodikk for betre å kunne evaluere effektiviteten i overvakinga.

13. I arbeidet med å nå desse måla, som bør evaluerast under neste gjennomgang av overvakinga, er komiteen samd om at ein bør prioritere eit skjerpa fokus i konsultasjonar etter artikkel IV – mellom anna i form av ein djupare diskusjon om valutakursspørsmål, styrkje overvakinga av finanssektoren og integrere gjeldsanalysar og regionale og globale ringverknader betre i landovervakinga. Framgangen i arbeidet med å gjere institusjonane mindre sårbare, og det vidare arbeidet med overvakinga i låginntektsland, vil òg bli kontrollert i neste gjennomgang av overvakinga.

14. Utviklinga mot eit nytt perspektiv på overvakinga av programland bør haldast under oppsyn, og all lærdom som evalueringa av faktiske programresultat munnar ut i, bør omsetjast i praksis. Det er viktig å evaluere i kor stor grad landa har følgd opp tidlegare råd frå IMF, og her må det takast omsyn til kva landa sjølve meiner. Komiteen ser fram til dei føreståande gjennomgangane av initiativet om standardar og kodeksar og evalueringsprogrammet for finanssektoren – begge ein konsekvens av at stabilitet i finansvesenet blir stadig viktigare. Komiteen tek til orde for ei styrking av innsatsen for å sikre objektiviteten i overvakinga, mellom anna gjennom betre analyse av forsvarleg gjeld i alle medlemsland.

15. Komiteen ser positivt på ei vurdering av kor vidt verkemidla og strategiane til IMF er dekkjande for alle eventualitetar, og merkjer seg at det er ført innleiande diskusjonar om korleis intensiv kontroll med verkemiddelbruken og signalformidling om styrken i eit medlemslands økonomiske politikk eventuelt kan skje på andre måtar enn gjennom finansieringsordningar med IMF. Komiteen merkjer seg den rolla som førebyggjande finansielle instrument spelar når det gjeld å formidle signal om styrken i strategiane til medlemslanda; likeins merkjer komiteen seg den eventuelle rolla til eit førebyggjande låneprogram for fattigdomsreduksjon og vekst (PRGF) og førebyggjande og andre finansieringsordningar innretta på å hindre at kriser i betalingsbalansen oppstår eller spreier seg. Komiteen oppmodar om at det blir arbeidd vidare med desse forslaga, også når det gjeld nytteverdi og potensiell etterspørsel, i nært samråd med potensielle brukarar, gjevarar og kreditorar, og ber om rapport på sitt neste møte.

16. Komiteen ser positivt på den aukande bruken av klausular om kollektiv handling (CAC) i statsobligasjonar, og ber om at IMF arbeider for vidare framgang på dette området. Komiteen merkjer seg nyare initiativ med sikte på å oppnå brei konsensus mellom statlege låntakarar og kreditorane deira om frivillige prinsipp for krisehandling og restrukturering av gjeld i framveksande marknader. Komiteen ser fram til å gå gjennom nytt arbeid som vert gjort i generelle spørsmål som er relevante for ei kontrollert løysing av finanskriser, mellom anna gjennomføring av IMF-politikken for utlån ved misleghald.

Auka internasjonal støtte til låginntektsland

17. Komiteen støttar det pågåande arbeidet med å avklare og styrkje IMF's rolle i låginntektsland, som bør vere basert på landeigarskap og nært samarbeid med andre multilaterale institusjonar og bilaterale gjevarar. IMF har som ei viktig rolle å syte for strategisk rådgjeving, kapasitetsoppbygging og finansiell bistand, mellom anna gjeldslette, til støtte for den innsatsen låginntektslanda gjer for å oppnå den makroøkonomiske stabiliteten og den høge veksten som krevst for å komme vidare mot tusenårsmåla. Komiteen ser fram til vidare arbeid med finansieringa og vilkåra for IMF's engasjement i låginntektsland, mellom anna finansieringa av PRGF etter 2006 med tilstrekkeleg kapasitet til å dekkje framtidige behov, verkemiddel til å hjelpe medlemsland med å møte sjokk, og måtar å forbetre overvakinga og signaliseringa på. Komiteen merkjer seg fellesrapporten frå IMF og Verdsbanken om bistandseffektivitet og finansieringsopsjonar. Han oppmuntrar til vidare analyse frå Verdsbanken og IMF av bistandseffektivitet, absorpsjonsevne, resultatbaserte målemekanismar og finansieringsopsjonar og -mekanismar som kan auke bistandsstraumen, mellom anna den internasjonale finansordninga, globale skattar og andre nyskapande mekanismar, og ser fram til ein ny rapport.

18. Komiteen støttar vidare innsats for å styrkje bruken av strategidokument for fattigdomsreduksjon (PRSP) og å auke støtta frå IMF til låginntektsland gjennom PRGF. Han ser positivt på rapporten frå det uavhengige evalueringskontoret om PRSP/PRGF og på arbeidet som er i gang for å følgje opp tilrådingane i denne. For å støtte gjennomføringa av sluttdokumentet frå Monterrey (the Monterrey Consensus) bør prosessen for ein strategi for fattigdomsreduksjon (PRS) forbeholdt og bli meir integrert i kvart lands nasjonale vedtaksprosessar, og den internasjonale bistanden, også frå IMF, bør bli betre samordna med nasjonale økonomiske prioriteringar. Komiteen imøteser arbeidet med å forbetre IMF si rolle i PRS-prosessen og med utforminga av PRGF-støtta strategiprogram. Komiteen ber om at analysar av fattigdom og sosiale verknader vert betre innarbeidd i PRGF-støtta program og at vekstkjelder og veksthindringar, til

liks med samanhengar mellom fattigdomsreduksjon og økonomisk vekst, vert meir inngåande analyserte.

19. Komiteen ser positivt på framgangen i arbeidet med gjeldslette i samband med HIPC-initiativet, som er utvida med to nye år; han oppmuntrar aktuelle land til å setje i verk dei tiltak som trengst for å dra fordel av initiativet og ber innstendig om full kreditor deltaking. Komiteen støttar arbeidet i IMF og Verdsbanken med ei felles ramme i arbeidet med å oppnå og oppretthalde forsvarlege gjeldsforhold på same tid som dei arbeider mot dei utviklingsmåla dei har sett seg. Komiteen ser fram til ei nærare vurdering av uavklara spørsmål i dei føreslegne rammene for forsvarlege gjeldsforhold, før desse er ferdig utarbeidde, og av anna gjeldslette og korleis denne skal finansierast.

Andre spørsmål

20. For at IMF skal vere ein effektiv og truverdig institusjon, må alle medlemsland kunne komme til orde og delta fullt ut i prosessane. Komiteen merkjer seg statusrapporten frå eksekutivstyret i IMF om arbeidet med kvotar, stemme og representasjon. Han oppmodar eksekutivstyret om å vurdere også andre spørsmål i samband med stemme, kvotar og deltaking, og merkjer seg, slik eksekutivstyret var samd i, at framgang vil krevje brei konsensus mellom eigarane. Komiteen tilrår at ratifikasjonen av den fjerde endringa blir fullført.

21. IMF har tilstrekkeleg likviditet til å dekkje medlemslanda sine behov på kort sikt, men det er viktig å følge situasjonen nøye framover.

22. Komiteen takkar Montek Singh Ahluwalia for arbeidet han har gjort som første direktør for det uavhengige evalueringskontoret (IEO). Komiteen imøteser vidare rapportar av høg kvalitet frå IEO.

23. 60-årsjubileet til IMF er eit passande høve til å reflektere over dei kreftene som kjem til å forme prioriteringane til institusjonen i framtida. Komiteen ser positivt på den vurderinga eksekutivstyret førebels har gjort av arbeidet med den strategiske retninga til IMF, som administrerande direktør har teke initiativ til, og ser fram til ein diskusjon på neste møte. Komiteen ser òg positivt på den vedvarande framgangen med å reformere budsjetttrammene for IMF.

24. Neste møte i IMFC blir halde i Washington D.C. 16. april 2005.

TIL STADES I DEN INTERNASJONALE MONETÆRE OG FINANSIELLE KOMITEEN

2. oktober 2004

Formann

Gordon Brown

Administrerende direktør

Rodrigo de Rato

Medlemmer eller varamedlemmer

Abraham A. Al-Assaf, finansminister, Saudi-Arabia

Mervyn King, sentralbanksjef, Bank of England, Storbritannia, (vara for Gordon Brown, finansminister, Storbritannia)

Palaniappan Chidambaram, finansminister, India

Martin Parkinson, Executive Director, Macroeconomic Group, The Treasury, Australia (vara for Peter Costello, finansminister, Australia)

M.R. Pridiyathorn Devakula, sentralbanksjef, Bank of Thailand

Hans Eichel, finansminister, Tyskland

Per-Kristian Foss, finansminister, Noreg

Francisco Gil-Díaz, finansminister, Mexico

Ralph Goodale, finansminister, Canada

Sultan Al-Suwaidi, sentralbanksjef, Dei sameinte arabiske emirata (vara for Mohammed K. Khirbash, finans- og industriminister, Dei sameinte arabiske emirata)

Aleksei Kudrin, finansminister, Den russiske føderasjonen

Mohamed Laksaci, sentralbanksjef, Banque d'Algérie

Roberto Lavagna, økonomiminister, Argentina

Tito Titus Mboweni, sentralbanksjef, South African Reserve Bank

Hans-Rudolf Merz, finansminister, Sveits)

Antonio Palocci, finansminister, Brasil

Didier Reynders, finansminister, Belgia

Nicolas Sarkozy, økonomi-, finans- og industriminister, Frankrike

Domenico Siniscalco, økonomi- og finansminister, Italia

John W. Snow, finansminister, USA

Sadakazu Tanigaki, finansminister, Japan

Paul Toungui, finans-, økonomi-, budsjett- og privatiseringsminister, Gabon

Gerrit Zalm, finansminister, Nederland

Zhou Xiaochuan, sentralbanksjef, People's Bank of China

Observatører

Mohammad Alipour-Jeddi, avdelingsleiar for oljemarknadsanalyse, Organisasjonen av oljeeksporterande land (OPEC)

Joaquin Almunia Amann, kommisjonsmedlem, Den europeiske kommisjonen

Roger W. Ferguson, Jr., formann, Financial Stability Forum (FSF)

Heiner Flassbeck, leiar, avdeling for globalisering og utviklingsstrategi, FN-konferansen for handel og utvikling (UNCTAD)

John William Hancock, rådgjevar, Verdshandelsorganisasjonen (WTO)

Donald J. Johnston, generalsekretær, Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling (OECD)

Malcolm D. Knight, adm. direktør, Bank for International Settlements (BIS)

Trevor Manuel, formann, Felles utviklingskomité

José Antonio Ocampo, visegeneralsekretær, avdeling for økonomiske og sosiale spørsmål, FN

Juan Somavia, generaldirektør, Den internasjonale arbeidsorganisasjonen (ILO)

Jean-Claude Trichet, president, Den europeiske sentralbanken (ECB)

James D. Wolfensohn, adm. direktør, Verdsbanken